

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kristian Hanto,  
Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg og Thomas Nilssen – 1.vara.

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid S. Stuhaug – tilsettes representant, Audun Stokke Hole under sakene 40 og 41, Øyvind Sandum under sakene 42-44.

**Tid:** Måndag 17.september kl. 10-17

**Stad:** Schous

### Sakliste

- |                         |   |
|-------------------------|---|
| <b>Styresak 2018/33</b> | Innkalling og sakliste  |
| <b>Styresak 2018/34</b> | Orienterings-, drøfting- og referatsaker                                    |
| <b>Styresak 2018/35</b> | Høyring: Framtidig organisering av Stiftinga for folkemusikk og folkedans   |
| <b>Styresak 2018/36</b> | 100-årsjubileum i 2023 – første drøfting                                    |
| <b>Styresak 2018/37</b> | Evaluering av årets LK og LF  |
| <b>Styresak 2018/38</b> | Presentasjon av utøvarar på våre arrangement og haldningar i organisasjonen |
| <b>Styresak 2018/39</b> | TONO  |
| <b>Styresak 2018/40</b> | Folkemusikk – vedtekter og redaksjonsråd                                    |
| <b>Styresak 2018/41</b> | Digitalisering av Spelemannsbladet/Folkemusikk                              |
| <b>Styresak 2018/42</b> | Bruk av ekstra gaveforsterkingsmidlar                                       |
| <b>Styresak 2018/43</b> | Årets lokallag  |
| <b>Styresak 2018/44</b> | Årets folkemusikkarrangør   |
| <b>Styresak 2018/45</b> | Eventuelt   |

## Styresak 2018/33 Innkalling og sakliste

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vert godkjend.

## Styresak 2018/34 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskapsrapport
- b) Driftsrapport
  - a. Rådgjeving/Opplæring/service
    - i. Vi held fram med arbeidet kring TONO
    - ii. Vi har motteke kr 540 467 kr i Frifond-midlar som skal fordelast hausten 2018. Laga skal bruke dei i løpet av 2019.
    - iii. Vi har dialog med potensielt nye medlemslag.
    - iv. Vi har orientert medlemmer om ulike arrangement, kurs, møteplassar mm.
    - v. Vi har fordelt rekrutteringsstønaden for 2018.
    - vi. Har vore med på samarbeidsmøte med krefter i Oslo mtp ungdomssamling i 2019. Dette er eit samarbeid der mellom andre Unge Folkemusikere i Oslo er med.
    - vii. Har motteke gåveforsterkningsmidlar på kr. 175000 for 2017 og kr. 250000 for 2018.
    - viii. Har sendt inn søknad (forenkla modell) om momskompensasjonsmidlar for sentralleddet, AS, områdelag og lokallag.
  - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
    - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
      - 1. Vi har førebudd, gjennomførd og gjort etterarbeid på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.
      - 2. Vi har vore i møte med hovudnemnda for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019.
    - ii. Folkelarm
      - 1. Showcaseprogrammeringa er klar og gjort kjend.
      - 2. Vi arbeider med å kvalitetssikre og så invitere delegatar til Folkelarm.
      - 3. Vi har gjort avtale med NRK om ny runde med folk:LAB på Folkelarm og gjort avtaler om kven som skal vere med.
      - 4. Vi har dialog med Oslokappleiken.
      - 5. Vi har søkt og fått tilskot frå fleire instansar.
      - 6. Vi har lagt ut promovideo for Folkelarm.
      - 7. Har starta ei artistutveksling med Midgardsblot, dei tok imot 3 folkemusikkartistar (Resjemheia/Päivi Hirvonen/Jore) til festivalen sin og vi tek imot éin artist til Folkelarm (Kaunan)
    - iii. Meisterkonserten
      - 1. Har fått kr 100 000 i tilskot frå Dextra Musica.
      - 2. Planlegging og invitasjonar av både dei som skal opptre og gjester.

- iv. INTROFolk
  - 1. Hatt møte med GRAMO om utdeling av Gramostipendet på kr 100 000.
  - 2. Alle semifinalane er gjennomførde.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
  - i. Folkemusikk – magasinet:
    - 1. Folkemusikk nr. 3/2018 blei send ut i veke 37.
    - 2. Har hatt promotering av Folkemusikk på Nordsjøfestivalen og Trad Session i Fredrikstad. Hadde bladslepp under Luråsstemnet med fylkeskappleik i Tinn.
    - 3. Vi har hyra ein røynd annonseseljar på provisjon til å ta på seg annonsesalet ut året. Viss det blir vellukka, vil vi halde fram med det.
  - ii. Anna informasjonsarbeid
    - 1. Informasjonsarbeid på Landskappleik, Landsfestival i gammaldansmusikk og Folkelarm har hatt hovudfokus i sommar.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
  - i. Vi var på innspelsmøte i Norsk musikkråd om ny organisering av Frifond organisasjon. Musikkrådet ønska innspel til ei høyring dei skulle svare på.
  - ii. Vi har planlagt og gjennomført debatt og konsert under Arendalsuka i samarbeid med Arrangørforum og Balansekunst. FolkOrg var sentral i arbeidsgruppa. Debatten het «Kulturen inn i en ny tid – politikk, verktøy og resultater.». Både seksuell trakassering, ny kulturmelding og regionreform var tema, hovudsaklig ut frå eit arrangørperspektiv.
  - iii. Vi var til stades på Stasjonssjefsmøtet i UD. Det er en mottaking for alle ambassadørane osv i UD, der dei får møte politikarar, kulturfelt med eksportsatsing, næringsliv mm.
  - iv. Vi har vore på ekstraordinær generalforsamling i Musikkutstyrssordninga, der saken var val av ny styreleiar, då han mått gå av grunna ny jobb. Etter generalforsamlinga var det medlemsmøte.
  - v. Vi har vore i møte om vidare TONO-handsamingar.
  - vi. Vi har vore på SVs kulturlunsj, der vi kunne komme med innspel til eit kunstnarløft som SV ønskjer å fremje.
  - vii. Vi var på partnarmøte i Krafttak for sang.
  - viii. Har hatt møte med Hedmark folkemusikklag og Gudbrandsdal folkemusikklag m.o.t. samarbeid politisk opp mot samanslåing av fylket «Innlandet». Camilla Granlien var med Anne Nilssen i Hedmark i møte med fylkeskultursjefen for å drøfte folkemusikkens rolle i den nye regionen.
  - ix. Thor Hauknes representerte FolkOrg på ekstraordinært musikkting i Norsk Musikkråd, der Norges korforbund og Norsk korpsforbund blei tatt opp som medlemmer.

- e. Særskilde satsingar
  - i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
    1. Planlegg seminar for rekrutteringsprosjekt 8. november 2019, under Folkelarm.
    2. Skal besøke Nøringen 20.- og 24. september i Granvin og Eidfjord.
    3. Er i kontakt med Dextra Musica om meir stønad til folkemusikkfeltet.
  - ii. Info/synlegheit/formidling
    1. FolkOrg var representert og hadde med helsing til Folkemusikklinja ved Vinstra vdg. Skule då dei feira 20-årsjubileum.
    2. Har jamleg kontakt med medlemmar, lokallag og områdelag.
    3. Helene Bolstad representerte FolkOrg i Olav p. Hjelvik si gravferd og Silje Solberg representerte FolkOrg i Finn Vabø si gravferd. Begge var heidersmedlemmar i FolkOrg.
    4. Camilla Granlien helste frå FolkOrg under 80-årsdagen til Sondre Bratland.
  - iii. Folkedans
    1. Vi har hatt nytt møt ei arbeidsgruppa som skal sjå på ein søknad til Talent Norge om å starte opp eit ungdomsdansekompani. Ferdigstilling av arbeidet ligg hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans.
    2. FolkOrg (Øyvind Sandum) er med i Bygda Dansar si referansegruppe mtp innspel til prosjektet og samarbeid om å lyfte dansen saman med fleire av organisasjonane innanfor sjangeren.
  - iv. Det profesjonelle feltet
    1. Har fått 150.000kr frå NORLA til turné i Tyskland for Raabygg og Eplemøya Songlag, i samband med bokmessa i Frankfurt i 2019
    2. Plassering av Landsmøtet 2019.

*Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:*

- a) Økonomien er under kontroll. Vi må sjå på kva måte vi kan presentere rekneskapen for årsmøtet slik at dei ser samanhengen mellom budsjett og rekneskap for dei ulike prosjekta og der lønn er i større grad knytt til prosjekta.
- c) Driftsrapport:
  - Styret ber fagutval for yrkesutøvarar om gjere en offensiv mot MFO for å få dei til å protestere meir mot konsekvensane av overgangen til Kulturtanken, og mot fjerning av barnehagekonsertar.

- Administrasjonen utarbeider eit skriv med tips til kva områdelaga kan gjere for å vere offensive i samband med fylkessamanslåingane som vi står framfor, slik at folkemusikken og folkedansen framleis skal bli prioritert.

**Styresak 2018/35 Høyring: Framtidig organisering av Stiftinga for folkemusikk og folkedans**

*Vedtak: Styret vedtek framlegg til høyningsinnspel til utgreiinga om framtidig organisering av stiftinga for folkemusikk og folkedans med nokre justeringar ut frå diskusjonen i styret. Administrasjonen og AU skriv inn desse justeringane og sender til styret for endeleg godkjenning.*

**Styresak 2018/36 100-årsjubileum i 2023 – første drøfting**

Vedtak: Styret vil ha saken attende i neste styremøtet, der dei på bakgrunn av diskusjonane i dette møtet, handsamar oppretting av ei jubileumsnemnd og eit mandat til nemnda.

**Styresak 2018/37 Evaluering av årets LK og LF**

Vedtak:

- Administrasjonen tar initiativ til et møte med Norsk Instrumentmakerforening for å sjå om vi kan få til eit samarbeid kring instrumentutstillinga.
- Administrasjonen skriv eit ope brev eller liknande, til NRK der vi protesterer mot dårlig dekning av Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

**Styresak 2018/38 Presentasjon av utøvarar på våre arrangement og haldningar i organisasjonen**

Saken utsettast til neste møte

**Styresak 2018/39 TONO**

*Vedtak:*

- FolkOrg blir med på handsamingane gjennom NMR om ei TONO-avtale for heilårsarrangørane. Smertegrensa går ved ordinær minstesats i TONO per konser i snitt.*
- Vi tar medlemsskap i FolkOrg for arrangørane og TONO opp som tema på arrangørnettverket under Folkelarm.*

c) Neste møte tar vi opp en sak om medlemsskap og betaling av TONO.

**Styresak 2018/40 Folkemusikk – vedtekter og redaksjonsråd**

*Vedtak:*

- a) Redaktøren vel sjølv sitt redaksjonsråd. Styret bør ikke vere representert i redaksjonsrådet.
- b) Redaktøren lagar eit utkast til nye vedtekter til neste styremøte.

**Styresak 2018/41 Digitalisering av Spelemannsbladet/Folkemusikk**

*Vedtak:*

FolkOrg gjer avtale med NB om at dei får vise digitalt alle utgåvene av Spelemannsbladet/Bladet Folkemusikk 1941–2014. Avtala med Agder endrast slik at NB får ei ikkje-eksklusiv og ikkje-tidsavgrensa rett til slik visning parallelt med Agders rett i fem år. Begge avtalane har som føresetnad at spørsmålet om rettar er avklara. Styret vedtek òg å engasjere nokon i ei deltidsstilling på 20% ut året, til å byrje på arbeidet med å lage bidragsytaroversikt. Vi ber om at Folkemusikkarkivet i Agder er med på å bidra til at stillingsressursen blir større.

**Styresak 2018/42 Bruk av ekstra gåveforsterkingsmidlar**

*Vedtak:*

FolkOrg nyttar 250 000 kr i gåveforsterkningsmidlar slik:

<b>Kva</b>	<b>Kostnad</b>
Ekstra TONO	53 000
Kurs i søknadsskriving	30000
Ekstra rekrutteringsstøtte	45000
Utøvarkatalog	22000
Dansefesttilskot	100000

**Sum** **250 000**

*Vi oppmodar arrangørane av dansefestane til enkelt å dokumentere glimt av  
dansefestane på film.*

**Styresak 2018/43 Årets lokallag**

*Vedtak:*

*Dei tre nominerte til årets lokallag er (i alfabetisk rekkefølgje):*

*Hardanger spelemannslag*

*Lom spel- og dansarlag*

*Mukampen spel- og dansarlag*

**Styresak 2018/44 Årets folkemusikkarrangør**

*Vedtak:*

*Dei tre nominerte til årets folkemusikkarrangør er (i alfabetisk rekkefølgje)::*

- *Heme Dine*
- *TradSessions*
- *Trondheimsfolk*

**Styresak 2018/45 Eventuelt**

Vi rakk ikkje å diskutere saker under eventuelt.